

Denne artikkelen kan kopieres fritt og videreförmedles til andre.

En forutsetning er at navn på utgiver (Strinda historielag), årbokas årstall og forfatter(e) oppgis.

Det må ikke foretas endringer i artiklene.

Det er ikke tillatt å skanne eller kopiere bilder i bøkene for bruk i andre sammenhenger.

“Bone” og “bypist” - det gamle strindamålet og forholdet til bymålet

Av Arnold Dalen*

Sett frå eit bevaringssynspunkt for bygdekultur og -dialekt har Strinda hatt den traurige lagnaden å ligge nærmast Trondheim. Det å vera ei bygd med en-ten jordbruk eller fiskeri som næring, og nabo til ein større by - eller ein mindre by også, for den del - det har sine konsekvensar på mange vis. Byen har, i alle fall på det ubevisste nivået, alltid hatt høgare status enn bygda, enten det gjeld levevis eller språk, og påverknaden har nesten alltid gått ein veg: frå byen og til landsbygda. Sjøl om folk på landet ikkje einsidig ser på bylivet som etterlikningsverdig og kanskje til og med uttalar seg negativt om verdiar, moral og talemål bland byfolk - ordet “bypist” eller “bypilt” er eit klart uttrykk for den holdninga - viser det seg at bygdefolk likevel blir påverka av byen og tar opp fleire og fleire element frå bykulturen. Dette gjeld i særleg grad på det språklege området. Når ein i dag vanskeleg kan sette opp klare skilje mellom talemålet i Trondheim og på Strinda, har det sjøl-sagt fleire årsaker, bl.a. ekspansjonen

innafor storkommunen og den store tilflyttinga til Strinda både frå bykjernen og frå andre stader, men den meir eller mindre bevisste statusen som bymålet nyt godt av, er likevel den viktigaste grunnen til at denne utviklinga begynte så tidleg.

Byfolk er klar over og understrekar denne statusen. Dei har alltid følt seg heva eit hakk over folk på landsbygda og dei har sterkt behov for å markere avstand til omlandet. Ivar Aasen observerte dette i Trondheim i ein situasjon han skriv om i dagboka si for 1842:

“Jeg var inde i mange Kramboder, og bemærkede mangesteds en livlig handel, især med Bønder fra Omegnen. At endog de ringeste af Byens Folk ansee sig for lidt mere end de som boe paa Landet, syntes jeg at mærke ved følgende Lejlighed. Paa en Krambod stod en Flok Bønder ved Disken, og bagenfor disse stode to Fruentimmere af simpel Stand, som det syntes. Den ene af dem sagde høit til den anden: “Vi faar bie, til Bønderne ere færdige.” En af disse vendte sig, saae paa den Talende og sagde: “Ætrur, du æ int stort meir ell Bonne du hell, kva Stadsmadamm du tist naa vær.” Hun svarede, at hvor ringe hun var, saa var hun dog af Byens Folk. Dette forandrede ikke Modpartens Anskuel-

*. Arnold Dalen er professor emeritus ved Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, NTNU. Han har nordisk språkvitskap, spesielt nordisk dialektologi, som sitt faglege spesialområde.

se, imidlertid vendte han tilbage til sin Forretning, og saaledes endte Striden uafgørende." (BD s. 62.)

I Bergen kjenner vi denne holdninga i form av mobbing av strilen, fiskaren frå Nordhordland. Rundt Bergen var det ikkje så mange bønder å mobbe, og da vart fiskaren offeret. Bygdene omkring Trondheim var, og er til dels enno, jordbruksbygder, og her var det "bonen" som vart skyteskiva. "Bone" og "bonat" er ikkje rosande her i byen, mens "fiskar" er eit nøytralt ord. Det har sjølv sagt sammenheng med at det var langt meir næringsfellesskap mellom byen og kystområda. "Bonen" var ein fremmend fugl i bymiljøet, der handel, handverk og fiske dominerte - sjøl om det også var krøtterhald i byen. Samtidig var det mye kontakt med omlandet, og behovet for å markere forskjellen mellom by og land gav seg fleire uttrykk, men framfor alt i talemålet. Dialektforskaren A. B. Larsen var den første som på teoretisk grunnlag formulerte dette fenomenet. Han lanserte alt i 1880-åra, i "Oversigt

over de trondhjemske dialekters slægtskabsforhold", teorien om at visse sider ved den språklege utviklinga kan forklaras ut frå det han kalla "nabo-opposition", dvs. at trekk ved ein dialekt kan ha si årsak i behovet for å markere avstanden til naboen.

Den sterke trondheimiseringa av talemålet på Strinda, som vi i dag kan sjå resultatet av, er i historisk perspektiv av relativt ny dato. Heilt opp til langt inn på 1800-talet ser det ut til å ha vori eit skarpt skilje mellom den dialekten som strindingane snakka, og den dei brukte i Trondheim, dvs innafor den gamle bykjernen. Strindingen var språkleg i langt nærmare slekt med bonden i Orkdalen, på Byneset eller i Stjørdalen enn med bymannen, som merkeleg nok hadde sine nærmeste språkslektingar på kysten, på Ørlandet eller på Frøya. Mens strindamålet hørte til dei indre trønderske dialektane, låg Trondheim som ei øy med fosenmål innafor dette indre området. Vi kan sjå denne sammenhengen av det følgjande oversynet:

Fosen	Trondheim	Strinda	Gammalnorsk
værra	værra	vårrå	vera
vætta	vætta	våttå	vita
levva	levva	låvvå	lifa
gravva	grævva	gråvvå	grafa
ein nævva	ein nævva	ein nåvvå	nefa (akk)
ein stægga el. stagga	ein stægga	ein ståggå	stiga ^a

Fosen	Trondheim	Strinda	Gammelnorsk
ei sænna	ei sænna	ei sunnu	sina/sinu ^b
ei håssa	ei håssa	ei hussu	hosa/hosu
ei vækka	ein vækka	ei vukku	vika/viku

- a. Dette er her akkusativforma, i nominativ heitte det *stigi*.
b. Svake feminina enda i eintal på -a i nominativ, på -u i dei andre kasus

Her ser vi ein klar sammenheng mellom dialekten i byen og på Fosen. Folk som i dag bur på Strinda, vil nok også helst kjennas ved formene fra Fosen og Trondheim som sine eigne, men når det gjeld det *gamle* strindamålet, var det stor avstand til byen og Fosen. Vi har heldigvis ei framstilling av den gamle bygdedialekten, *Målet i Strinda i Sør-Trøndelag*, skriven av Arne Tilset i 1924. På det tidspunktet var det enno råd å finne relativt konsekvent bruk av den tradisjonelle dialekten, særleg hos eldre folk. Men alt da var det i aller siste liten, for Tilset seier om arbeidet sitt at “[det kunne] vera ein freistnad verdt å teikna upp noko av det som kanskje snart ikkje meir vil vera” (s. 3).

Dei formene som vi finn i gammel strinding av dei oppstilte orda ovanfor, dei samsvarar med dei ein har i heile den indre delen av Trøndelag, frå Orkdalen og heilt til Snåsa og Li. Trondheimsformene derimot finn ein for det meste igjen i kystmåla. Til langt opp mot siste delen av 1800-talet låg såleis Trondheim som ei fosenmålsøy langt inne i fjorden, og grensa mellom by og land var skarp. Straks ein kom utafor Ila eller Bakklan-

det og ut på “bonbygda”, da møtte ein strindingen, og han snakka ein heilt annan dialekt en bymannen.

Dei orda som vi har eksempel på i oppstillinga ovanfor, hører til dei såkalla *jamvektsorda*, og det ser ut til at det er særleg når det gjeld dei, at det har vori viktig for bymannen å distansere seg frå strindingen. I jamvektsorda har utviklinga ført til at i dei indre dialektane, som det gamle strindamålet hørte til, har rotvokalen vorti heilt lik endingsvokalen: *vita*>*våttå*, *stiga*>*stæggå*, *viku*>*vukku*, *sinu*>*sunnu* osv. Av folk som ikkje har hatt denne utviklinga i dialektane sine, blir slike former oppfatta som ekstreme og avstikkande, og lite brukbare i ein større språkleg kontaktsammenheng. I 1846 kommenterte Ivar Aasen dei indre trønderske formene på denne måten:

“Med hensyn til Formerne maae de nordenfjeldske Sprogarter regnes til de slettere eller mere forvanskede; ... Forenemmelig er Vokalsystemet forstyrret ved en Mængde Lydforandringer, saa at en stor Deel af de almindelige Ord blive derved næsten ukjendelige.

Dette er dog især Tilfældet i den indre Deel af Trondhjems Stift; Sprogarterne ved Kysten have mindre af disse Lydforandringer, ...” (BD I, s. 134).

Dei vokalforandringane som Aasen her hadde i tankane og som han reagerte negativt på, er nettopp jamninga, og spesielt den fulle utjamninga, overgangen til former som *å våttå*, *å låvvå*, *ein nåvvå*, *ei sunnu* osv., mens han såg meir positivt på former som *å vætta*, *å levva*, *ein nævva*, *ei sænna* osv.

No ser det ut til at tendensen til full utjamning i slike ord, den har også gjort seg gjeldande i Trondheim, for i bydialekten kan ein finne ein del restar av denne utviklinga. Eksempel på det er *å kårra te sæ*, *å hårra øran* (“å spisse øra”), som forutsett former som *kårrå* og *hårrå* (utgangspunktet er *kara* og *hara*), stadnamn som *Våttakammen*, der førsteleddet opphavleg er *Vita-* (“vete, varde”, jf. *Vettakollen* i Oslo), og *Våddan* (gammalnorsk *Viðar* “skog”), og enkelte hokjønnsord som enno eksisterer med full utjamning: *ei turru* (“tvarre”), *ei gnuttu* (“noe bitte smått”. eigentleg “lusegg”), *ei uddu* (“bakev-

je”), *ei skjuttu* (“skite, diaré”), og *ei bosso* (“boso, bol”) - og sjølsagt *ei furru*. På desse punkta er det faktisk forskjell mellom bydialekten og fosenmåla, der det kan heite *å karra åt sæg*, *ei ea*, *ei skjetta* og *ei färra*.

Denne tendensen har truleg aldri fått gjennomslag i bydialekten. Dei formene som oppstod av denne prosessen, dvs. formene med full utjamning, dei var jamt over sett på som uakseptable i bymålet og vart erstatta av dei meir gangbare formene som var å finne i kystdialektane. Fosenformer som *vætta*, *værra*, *stægga*, *vækka*, *sænna* osv., dei var dessutan ikkje berre meir smakelege i bymiljøet, dei fungerte også godt til å markere avstanden til “bonan” på Strinda og i Malvik.

Det var også andre ordkategoriar der det var forskjell mellom formene i byen og på Strinda, og her var det ikkje nødvendigvis alltid sammenfall mellom byform og fosenform, ved enkelte former var det faktisk meir samsvar mellom dialekten på Strinda og på Fosen. I oppstillinga nedanfor ser vi noen eksempel på det:

Fosen	Trondheim	Strinda	Gammalnorsk
åra, husa	åran, husan	åra, husa	árin, húsin
bækk - bekkjen	bækk - bækken	bækk - bekkjinj	bekkinn
bok - bokja	bok - boka	bok - bokja	bókin
bakkåt	bakkat	bakkåt	bakkutt el -ott

Fosen	Trondheim	Strinda	Gammalnorsk
sparsam	sparsåm	sparsam	-sam
fleir gryta	fleir gryta	fleir grytå	grytur
all grytan	all grytan	all grytånj	gryturnar

Den motsetnaden som vi finn mellom formene i Trondheim, og dei vi har i taletmåla på Strinda og på Fosen, har sammenheng med at dialekten i Trondheim er eit *bymål*, og eitt av særtrekka ved bymål er at dei forenklar dei meir eller mindre kompliserte lyd- og formsystema som bygdemåla kan ha. Eitt slikt trekk er bestemt fleirtal av nøytrumsord. I gammal strinding, som i alle gamle trønderske bygdemål, heitte det, og heiter enno, iallfall hos eldre dialektbrukarar, *allj husa, åra, ægga* eller *eggja, taka* eller *takja* osv. På dette punktet skil nøytrumsorda seg ut, for ved andre substantiv er det *-n* eller *-nj* i endinga: *allj hæstan/hæstanj, allj bakkan/bakkanj, allj flisen/flisinj/flisinj, allj grytan/grytånj/grytånj*. (I gammal strinding var det her palatal *nj*: *-anj, -inj, -ånj*, slik som det også var i bygdene omkring: Malvik, Klæbu, Leinstrand og Byneset.) I bymålet ville endinga *-a* skille seg frå andre fleirtalsendingar som alle endar på *-n*: *hæstan, grytan, nålen*. Tillegg av *-n* også i denne kategorien: *husan, dyran, fatan* osv., gjer systemet enklare: alle substantiv endar på *-an* eller *-en*. Denne forenklinga har vi også hatt i så godt som alt nordnorsk. I trondheimsmalet er dette gamle former, som i det minste går så langt tilbake som til 1600-talet. I ny-

are tid, på Strinda ganske tidleg, har desse formene breidd seg i heile Trøndelag, særleg i den siste tida, ikkje berre i urbane område, men også utover i bygdemåla.

I trønderske bygdemål, både på kysten og i innlandet, har vi, iallfall heilt til det siste, hatt eit system av veksling mellom *g* og *j*, *gg* og *jj* (*ddj*), *k* og *kj* (*tj, kk* og *kkj* (*ttj*)), først og fremst i substantivbøyingen: *skog - skojen, vægg - vejjen (veddjen), tak - takje (tatje), bækk - bekkjen (bettjen)* osv. Dette var formene også i det gamle strindamålet før påverknaden frå bymålet for alvor sette inn. Derimot er det tvilsamt om Trondheim nokon gong har hatt denne vekslingen. I byen var dette oppfatta som eit komplisert system som derfor vart forenkla. I bymålet er det samme form av ordet enten det er i ubestemt eller bestemt form. Heiter det *skog* eller *bækk*, heiter det også *skogen* og *bækken*. I eit manuskript som gir opplysningar om bymålet på 1670-talet, seier forfattaren, Hans Olufsen Nysted (1664-1741), at “*i Bunde-målet [heiter det] bækj, i Kjøbstædmålet bæk*”. Sjølv om opplysninga er feil - han har slutta seg til den ubestemte forma *bækj* frå den bestemte *bækken* - så fortel ho at vekslinga *k - kj* i bøyingsfor-

mer ikkje hørte til bymålet, men var vanleg utafor byen, i «Bundemålet», og det er sannsynlegvis talemålet på Strinda han her har i tankane. På dette punktet gjekk altså ikkje trondheimsmalet sammen med fosning, mens strindingen og fosningen hadde samme system. I dag er nok vekslinga av typen *skog-skojen* og *bok-bokja* heilt borte i strindamålet, og er også på rask veg til å forsvinne elles i trøndersk.

Eit særtrekk ved dialekten i Trondheim er at trykklette å-ar er nesten fullstendig skifta ut med *a*. Det heiter *nåkka*, *mårra*, *bakkat*, *hånat* osv. Dei tilsvarande formene i det gamle talemålet på Strinda var *nåkkå*, *mårrå*, *bakkåt*, *hånåt*. Her kan det ikkje vera snakk om lydutvikling i bymålet, for vokalen i andre stavinga er i utgangspunktet ein trykklett -*o* eller -*u*: *nokot*, *morgon*, *bakkutt* el. *bakkott*, og ein *o* skal normalt ikkje gå over til *a*. Forklareringa på denne særutviklinga i Trondheim ligg truleg i to av dei særtrekka ved bymål, som vi alt har nemnt: *forenkling* og *markering av avstand til nabomål*. At elimineringa av trykklett -å (i alle andre stillingar enn framfor *m*: *gjennåm*, *mellåm*, *sparsåm*) er ei forenkling av vokalsystemet, er det ingen tvil om, men det spørslig om ikkje det siste momentet, nabo-opposisjonen, har vori viktigare. I det gamle strindamålet var det fleire kategoriar der det var trykklett å og der trondheimsmalet hadde *a*. Vi har denne motsetnaden i jamvektsformer som *vårrå* og *ståggå* mot *værra* og *stægga*, i fleirtalsformer

som *fleir grytå* og *fleir viså* mot *fleir gryta* og *fleir visa*. Denne forskjellen kan ha ført til at trykklett *a* vart oppfatta som “byvokal” og at derfor alle trykklette å-ar vart skifta ut med *a*. Dette må i alle fall vera forklaringa på former som *kårra*, *Våttakammen* og *Våddan*, og sikkert også på *bakkat*, *hånat*, *mårra*, *nåkka*.

Avstanden mellom bygdedialekten på Strinda og bymålet i Trondheim viste seg innafor mange fleire språklige kategoriar. Ein kan berre kort nemne at strindingane så lenge som dei heldt på den gamle dialekten, hadde levande dativbruk, f.eks. i uttrykk som *å ji guta mat* og *å ji gutåm mat*, *hannj va hos veikjånj* (da var han hos ei jente), *hannj va hos veikjåm* (da var han hos fleire). Bymålet derimot må ha mista dativen på eit tidleg tidspunkt. Det fins i alle fall ingen eksempel på dativ i materialet til Hans Olufsen Nysted. Det betyr at han ikkje hadde hørt dativ brukt verken hos yngre eller hos eldre byfolk i 1660-70-åra, og denne kategorien må da ha vori borte før dei første tiåra på 1600-talet.

Dei sterke verba hadde også nokså ulike perfektumformer i gammal strinding og i bydialekt. På Strinda heitte det f.eks. *å ha fonnji*, *ha verri*, *ha leggi*, *ha setti* osv., mens det i Trondheim vart sagt *å ha fonnje*, *ha vorre*, *ha logge*, *ha sotte* osv. Endinga -i knytte strindamålet til dialektane austafør, mot Selbu og Stjør-dalen og vidare innover, mens e-endin-ga i Trondheim knytte bymålet til

dialektane vestafor. I dag har strindingane adoptert formene frå bymålet, og på dette punktet har ei grense flytta seg vestover. Ein annan ting er at former som *vorre*, *sotte* osv. viser ein påfallande likskap med talemålet i Bergen. Her kan det vera ein gammal sammenheng.

Ein kunne ha tatt opp fleire språklege trekk der det opphavleg var klar forskjell mellom dialekten på Strinda og bymålet, men det som her er trekt fram, skulle vera nok for å vise den store avstanden. Korleis det har gått med det gamle strindamålet, det veit vi. I dag er forskjellen mellom by og land ganske vanskeleg å påvise, og skal ein no finne noko av det gamle bygdemålet på Strinda, må ein drive språkleg arkeologi. Det blir mest å leite etter minne om kva beste- og oldeforeldre sa. Kanskje kunne det likevel bli ein bra fangst? I alle fall må vi vera takksame for at Arne Tilset fekk gjort si framstilling på 1920-talet. Ei kjelde til kunnskap om det gamle vokabularet i strindadialekten har vi elles

hos Ivar Aasen. I ordbøkene hans, den første frå 1848 og den andre, utvida utgåva, *Norsk Ordbog*, frå 1873, er det utruleg mange ord som er heimfesta til Strinda. Den gamle strindadialekten lever derfor vidare, sjøl om det mest er i bøker og oppskrifter.

Litteratur

BD = Djupedal, Reidar, *Ivar Aasen. Brev og dagbøker I-III*, Oslo 1957-60.

Dalen, Arnold, Trondheimsmalet på 1600-talet. *Det Kgl. Norske Videnskabers Forhandlinger* 1990, Trondheim 1991, s. 39-46.

Larsen, Amund B., Oversikt over de trondhjemiske dialekters slægtskabsforhold. *Det Kgl. Norske Videnskabers Skrifter* 1885, Tr.hjem, s. 37-117.

Tilset, Arne, *Målet i Strinda i Sør-Trøndelag*, Oslo 1924.